

Mariann Haukedal  
Beitingsvegen 194  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1862 - 20/14558

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:  
15.03.2020

## Mangler ved søknaden - gbnr 304/5 Leirvik

Tiltak: Oppføring av villavogn  
Byggjestad: Gbnr: 304/5  
Tiltakshavar: Mariann Haukedal  
Ansvarleg  
søkjar:

Kommunen syner til søknad om dispensasjon for oppføring av villavogn motteke 14.01.2020.

Det ble i skriv datert 28.09.2018 bedt om tilleggsopplysningar i samband med din søknad om fritak for plassering av villavogn på gbnr. 4/5 i tidlegare Meland kommune.

Kommunen bekrefter å ha motteke søknad om dispensasjon frå LNF for oppføring av villavogn, samt dispensasjon (unntak) får byggteknisk forskrift (TEK17) for fritidsbustader, jf. pbl § 19-2.

Det ble i brev datert 28.09.2018 stilt krav om at det samstundes med søknad om dispensasjon skulle sendast inn søknad om løyve til tiltak med krav om bruk av ansvarleg føretak (kvalifisert firma), jf. pbl kap 20 og Byggesaksforeskriften § 5-4 (opplysningar som skal gis ved søknad om løyve til tiltak). Kommunen kan ikkje sjå at dette er motteke.

Det ble og stilt kravom opplysningar om kva for byggtekniske krav det blir søkt om dispensasjon frå . Kommunen kan heller ikkje sjå at dette er motteke.

Til slutt i brevet ble det også informert om at det må søkast om utsleppsløye for gråvatn etter forureiningslova. Skriftleg søknad med situasjonskart må sendast til kommunen.

Av ortofoto ser det også ut til at det område villavognen er plassert er planert, dette anses å være søknadspliktig, jf pbl § 20-1 bokstav k).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.05.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

GBNR 45 - Søknad om dispensasjon - Trong for tilleggsopplysningar (449632) (L)(56792)

### **Mottakarar:**

Mariann Haukedal

Beitingsvegen 194

5918

FREKHAUG